

Årsmelding 2024

Vinje

Ordføraren har ordet

Det skjer mykje i eit år i ein kommune. I denne årsmeldinga vel eg å riste eit utval saker ut av geitepelsen.

Etter kommuneval som det var i 2023 er det alltid mange valsaker. Det er mange verv som skal fyllast. Det har også prega saklistene i kommunestyret i 2024. Vinje kommune er med i mange organisasjonar, og av nytt så sa kraftkommunen Vinje ja til medlemskap i Norske Kjernekraftkommuner, og nei til medlemskap i Norske Vindkraftkommuner.

Gang- og sykkelveggar har vore høgt på dagsorden i mange år. Det er kostbare prosjekt, men viktige for trafikktryggleik og folkehelse. Det blei vedteke reguleringsplan for g/s-veg Austbø hotell – Spar i Krysset. Til denne har Telemark fylkeskommune løyvd kr. 30 million. G/s-veg langs E134 på Vinjeflaten blei vedteke fram til Jordivegen. Det blei også vedteke g/s-veg langs E134 i Bøgrend, men ikkje heile vegen til Særøngrend. Dei to siste skal Statens Vegvesen bygge, men med noko bidrag frå kommunen.

Vest-Telemark pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) blei vedteke avvikla. Vinje kommune gjorde vedtak om å bygge opp dette i eigen regi, og få meir nærleik til barnehagar og skular, og meir systemarbeid inn mot desse. Kommunane Fyresdal og Tokke ynskte å bli med på det nye PPT i Vinje, slik at det no er tre kommunar som samarbeider om dette. Her må vi lukkast, for det mest verdifulle Noreg har er arbeidskrafta vår. Vi må for den einskilde sin skuld – men også for Noreg AS – syte for at barn og unge i Vinje får den støtta dei treng for å kome gjennom skuleløpet.

På investeringssida blei eit nyopprusta og påbygd Rauland omsorgssenter teke i bruk rett før sumaren. Like etter sumaren starta arbeidet med å pusse opp og bygge på småskulen i Åmot. Denne skal stå ferdig til skulestart hausten 2025. Skuleåret 2024/25 er elevane på storskulen.

Bustadbygging er viktig. Prosjektet Heimdal 60+ i Krysset er forsøkt realisert av Notodden boligbyggelag med ein del kommunal draghjelp. Det har vore sak i kommunestyret fleire gonger, og vi vonar dette blir ein realitet i 2025.

Jon Rikard Kleven

Ordførar

Kommunedirektørens innleiing

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmelding for 2024. Årsmeldinga er utarbeidd i tråd med lov og forskrift, og inneheld dei framstillingar og opplysningar som det er krav om. Saman med årsrekneskapen er årsmeldinga ei viktig tilbakemelding frå administrasjonen til kommunestyret om kommunens drift og investeringar.

Årsmelding 2024

Kommunen legg bak seg eit driftsår som syner eit halvert positivt netto driftsresultat samanlikna med 2023, frå 40 mill. til 19,2 mill. Nedgangen skuldast hovudsakleg reduserte kraftinntekter. Den varsla nedgangen i skatteinntekter for kommunal sektor mot slutten av året traff derimot ikkje Vinje, som fekk hadde ein skatteinngang på 124,5% av landsgjennomsnittet.

Driftsutgiftene auka med 41,6 mill. kr samanlikna med 2023, og fordeler seg slik mellom tenestekområda:

Tall i 1000 kroner		Regnskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Fra Bevilgningsoversikt:					
Til fordeling drift		369 915	379 309	357 177	329 041
Sektor / Avdeling	Netto driftsutgifter pr. enhet				
1	Kommunedirektøren	7 977	11 105	10 308	7 633
2	Oppvekst	166 091	164 538	147 813	149 254
3	Plan, økonomi og berekraft	40 654	36 110	32 969	51 151
4	Helse og meistring	234 612	229 607	211 030	230 220
5	Organisasjon og innovasjon	24 318	24 425	21 331	22 160
6	Teknisk drift og infrastruktur	49 390	52 699	48 718	59 816
7	Kultur, næring og fritid	52 696	56 776	44 473	59 832
8	Fellesansvar	-205 822	-195 950	-159 465	-251 025
Netto for alle enheter		369 915	379 309	357 177	329 041

I kommuneindeksen for 2024, som Agenda Kaupang utarbeidar for Storebrand, er Vinje samla sett rangert som nr 333, med rang 341 på *kostnad*, 168 på *kvalitet* og 86 på *økonomi*.

Det er gledeleg å sjå utviklinga i sjukefråvær som er det lågaste sidan 2020. Sjukefråværet i kommunal sektor på landsplan er 9,1 prosent.

År	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær	Totalt sjukefråvær	Totalt nærvær
2024	1,64	5,98	7,62	92,38
2023	2,36	6,25	8,61	91,39
2022	2,71	5,88	8,59	91,41

Eg vil rette ein stor takk til alle kommunens tilsette for den innsatsen de gjer kvar einaste dag! De er heilt avgjerande for at Vinje kommune skal vere ein god stad å bu og leve både i dag og i framtida. Eg vil òg takke alle tillitsvalte og vernetenesta for den innsatsen de legg ned. Eit godt partssamarbeid er svært viktig for at kommunen skal lukkast i sine oppdrag.

Jan Myrekrok

Kommunedirektør

Måloppnåing for satsingsområda

For 2024 vart desse utfordringane og satsingsområda valt ut og prioritert:

- Den demografiske utviklinga

- Samfunnstryggleik, klimatilpassing og beredskap
- Arbeidsgjevarpolitikk og tenesteyting
- Digitalisering og smart teknologi

Den demografiske utviklinga

Det er viktig å leggje til rette for og understøtte eit aldersvenleg lokalsamfunn som bidreg til auka livskvalitet på tvers av generasjonar. I samarbeid med brukarar, pårørande, friviljuge skal me arbeide for å etablere og vidareutvikle arenaer og tenester som stimulerer til gode, innhaldsrike liv der alle er mest mogleg sjølvhjelpne og me førebyggjer behovet for helse- og omsorgstenester. Ein aktiv bustadpolitikk vil vere ein nøkkelfaktor.

Vidare legg me aktivt til rette for at innbyggjarane våre finn seg til rette og tilflyttarar har høve både til å prøvebu og busetje seg fast.

Me opplever at ein del ynskjer seg til Vinje, og mange refererer til at dei søker eit rolegare liv på bygda, og ynskjer eit meir landleg liv for seg sjølv og barna. Det er også tydeleg at mange kjenner på den generelle prisstiging, som gjer at folk ynskjer seg ut i distriktet av økonomiske årsaker.

«Prøvebu-eit-småbruk» er eit tilbod for å skape variasjon i bu-moglegheitene. Dei fleste Vinjelosen er i kontakt med av husleitarar, ynskjer seg eit småbruk, og prøvebu på småbruk kan vera eit fint alternativ. No ser me på å revitalisere denne ordninga, då me framleis ikkje har prøvebuarar, men mange interessentar.

I tillegg til prøvebu-småbruk-ordninga vil Vinje kommune overta det administrative arbeidet knytt til prøvebustaden i Øyfjell, i tett samarbeid med Øyfjell utvikling. Framtidstanken er at kommunen blir ein type «hub» for prøvebu-konsept i Vinje, under hatten «Prøvebu Vinje» (ref. Bustadstrategien).

Me har gjennomført fire «tilflyttartreff» i rekkja «Ny i Vinje»; på Rauland, Vågslid og i Åmot. Dette for å skape ein arena for nytilflutte, der dei kan koma saman rundt eit måltid, uformell prat og informasjon om kommunen og ulike aktivitetar og tilbod. Dette er viktig for at nye blir kjende i lokalmiljøet, og kjenner seg inkludert.

Tilflyttarpakker kom i gang i haust, og fleire har henta seg pakker ved å vende seg fysisk til kommunehuset, for informasjon og eit gavekort. Alle med folkeregistrert adresse frå august 2024, får eit velkomstbrev i posten med informasjon om å hente ei tilflyttarpakke. Tilflyttarane uttrykker stor takksemnd for dette tilbodet. Tilflyttarpakka fins i ulike versjonar ettersom kva tema ein vel, og informasjonstekstane er på norsk, engelsk, ukrainsk og arabisk.

Bustadstrategien blei vedteken i desember 2024, og er eit viktig arbeidsdokument og rettleiande i høve bustadplanlegging framover. Bustadstrategien skal syne kommunens ambisjonar i bustadpolitikken, samt strategiar og verkemidlar kommunen kan bruke for å realisere målet om at alle innbyggjarar bur godt og trygt.

Vinje kommune, på lik line med dei andre Vest-Telemark kommunane, er med i arbeidet knytt til Bygdevekstavtale for Vest-Telemark. Bygdevekstavtaler er ei avtale med staten, og er meint å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Norge.

Me nyttar Husbankens verkemiddel aktivt for å sikre at alle skal ha ein trygg og god bustad dei kan bu i. Det har vore og er eit fokusområde at ein også kan gi startlån til eldre menneske for å hjelpe dei til å ha ein betre bustad som gjer at dei kan bu heime lengre. Det blei i 2024 utbetalt ca kr 8 mill. i startlån.

Vinje kommune har også hatt si eigen bustadtilskotsordning for dei som har hatt behov for tilskot til eigenkapital for å få lån i privatbank. Her blei det utbetalt kr 5,4 mill. i 2024. Ordninga vart avslutta ved årsskiftet.

Samfunnstryggleik, klimatilpassing og beredskap

I tillegg til dei tryggingsspolitiske utfordringane der både brot på forsyningslinjer og flyktningstraum spelar inn i kommunekvardagen, så blir den naturbaserte risikoen framleis forsterka gjennom klimaendringar. I planperioden må kommunen aktivt klimatilpasse seg og bidra inn i oppgåveløysinga som krig og uro fører med seg. Kommunen har i nokre år levert klimarekneskap, og frå 2024 også eit klimabudsjett. Sjå eige kapittel i årsmeldinga som gjeld dette.

Vinje kommune har over fleire år arbeidd med klimatilpassing og beredskap. Dei største vassdraga i kommunen er kartlagt og har oppdaterte flaumsoner kring seg. Det er gjennomført ei rekke tiltak på kommunal infrastruktur som bruer og vegar. Av dei største prosjekta kan nemnast Heie bru, Kolås bru og Sagvegen bru som alle er dimensjonert for 60 tonn total last og flaumsikra mot 1000 års flaum. I tillegg er det bygd omfattande flaumsikringsanlegg ved Sagvegen ved Åmot industriområde og no i 2025 blir flaumsikringa av Bora ferdigstilt. I tillegg har kommunen flaumsikra Sagabekken i Edland attende i 2014.

Etter uveret i november 2021 har kommunen hatt fokus på betring av framkommlegheit på dei kommunale vegane og har difor investert omlag kr 5 mill. i beredskapshogst langs desse vegane. Dette arbeidet blir ferdigstilt i 2026 dersom kommunestyret løyver midlar til føremålet.

Arbeidsgjevarpolitikk og tenesteyting

Kampen om arbeidskrafta og presset på tenesteytinga, innan fleire tenesteområde, er større enn nokon sinne. Det fordrar at kommunen er konkurransedyktig på både arbeidstidsordningar, faglege utviklingsmoglegheiter, arbeidsmiljø, livsfasepolitikk og lønnsnivå. Likeins vil auka satsing på å auke organisasjonens evne til å skape produktive samarbeidsrelasjonar rundt komplekse og dynamiske tverrfaglege oppgåver vere avgjerande for gode velferdstenester for innbyggjarane. Systematisk arbeid med relasjonell kapasitet vil difor vere høgt på agendaen i 2024 og dei påfølgjande åra.

Vidare vil leiarutvikling vere viktig for tenesteytinga framover, både i kvalitet og omfang.

God leiing er avgjerande tyding for å skape gode koordinerte, samanhengande, heilskapelege tenester. Dette krevst på alle nivå med tydeleg leiings- og styringslinjer, frå kommunestyre og administrasjon, til leiarar i alle ledd.

Kommunens utvida leiargruppe blei ferdig med eit to-årig leiarutviklingsprogram i november 2024. Programmet resulterte i ei leiarplattform som alle leiarar i Vinje kommune skal basere si leiing på. Det er også utvikla interne program for leiarutvikling, der målgrupper har vore nye og erfarne leiarar.

For å bidra til å bygge kultur og gje nyttilsette ein best mogleg start i organisasjonen har me vidareutvikla kurset for nyttilsette. Ei god og profesjonell oppfylging av nyttilsette aukar våre moglegheiter til å halde på tilsette og tiltrekke oss nye. Det er gjennomført to obligatoriske samlingar årleg for opplæring av alle nyttilsette.

Ved fleire arbeidsstader i Helse og meistring har ein i 2024 drøfta, eller jobba konkret fram, alternative arbeidstidsordningar til dei tradisjonelle turnusane. Motivasjonen for dette er å tilpasse seg marknaden, behalde personell og rekruttere personell, samt legge til rette for større stillingar og redusere omfanget av småstillingar der det er ei utfordring. Kontinuitet har tyding for kvalitet overfor pasient og brukar.

Vinje kommune har dei to føregåande åra hatt høge og aukande utgifter til vikarbyrå, frå kr 8 mill. i 2022 til kr 18 mill. i 2023. I 2024 ser ein at slike utgifter er redusert til kr 11 mill. Ein vonar at denne utviklinga held fram i 2025, som gjer at kommunen blir mindre avhengig av innleigde ressursar.

Helse og meistring deltok i læringsnettverket TØRN i regi av KS frå 2023. Gjennom dette har kommunen fått nyttig kunnskap om metodar og verkty for ny oppgåvedeling, organisering av tenester og arbeidstid. I 2024 arbeide Vinje sjukeheim fram ei ny arbeidstidsordning i form av årsturnus for iverksetting frå 2025. Dette som resultat av deltaking i læringsnettverket. Å arbeide med slike tema er viktig, men også utfordrande då endringsarbeid krev stor grad av involvering av tilsette og tillitsvalde. Det pågår liknande arbeid fleire stader i Helse og meistring.

I 2024 vedtok kommunestyret vårt ein ny seniorpolitikk. Bakgrunnen er fleirsidig. Seniorar har verdifull erfaring og kunnskap som er viktig både for kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet. Med ein aldrende befolkning blir det stadig viktigare å behalde seniorar i arbeidslivet for å sikre tilstrekkeleg arbeidskraft. Vidare kan arbeid og aktivitet fremme både helse og livskvalitet for den enkelte, samstundes som det er lønnsamt for både den einskilde arbeidstakar og samfunnet. Saman med godt arbeid for å redusere sjukefråvær og utanforskap, er ein auke i avgangsalderen ein av dei sentrale nøklane for å handtere rekrutteringsutfordringane Vinje og andre kommunar står overfor no og for framtida.

Digitalisering og smart teknologi

Aukande kompleksitet og tempo krev digital transformasjon i forvaltinga. Digital transformasjon er ikkje å digitalisere dagens tenester og prosessar. Digital transformasjon er ein prosess, ei stor endring, og ein redesign av verksemda på alle nivå. Vinje kommune skal difor auke satsinga på digitalisering, tenest redesign og smart teknologi. Satsinga skal fornye, forenkle og forbetre kommunen sine tenester og arbeidsprosessar. Det er ønskjeleg å bruke 2024 til å utarbeide strategi og program, forankre dette administrativt og politisk, samt avklare om andre Vest-Telemarkkommunar er aktuelle samarbeidspartnarar for ei slik satsing.

Samfunnsutviklinga generelt, og den teknologiske utviklinga spesielt, fører til eit auka behov for ei styrka, meir systematisk og meir heilskapleg tilnærming til korleis kommunen nyttar digital teknologi og utviklar tenester. Kommunen skal møte ei rekke utfordringar, slik som auka press i helsetenestene. Me må difor jobbe smartare og meir effektivt for å frigjere ressursar.

Sommaren 2024 tilsette kommunen ein digitaliseringskoordinator for å styrke utviklingsarbeidet i kommunen. Kommuneadministrasjonen har også jobba med ein strategi for tenesteutvikling og digitalisering som skal legge føringar for arbeidet. Strategien seier blant anna noko om korleis kommunen skal prioritere, koordinere og gjennomføre utviklingstiltak. Den framhevar også kor viktig det er å auke den digitale kompetansen i og utanfor kommuneorganisasjonen.

Tenesteutvikling og digitalisering krev utstrekt samarbeid med andre aktørar. Vinje kommune er aktiv deltakar i digitaliseringsutvalet i Vest-Telemark og digitaliseringsnettverket i Telemark og Vestfold (DigiTV). Sistnemnte har tatt initiativ til ein felles innkjøpsprosess for ny elektronisk pasientjournal for helse og omsorg, og Vinje kommune tar del i denne prosessen. I regi av Universitetet i Sørøst-Noreg og Hallinghelse er kommunen deltakar i eit forskingsprosjekt om berekraftig digitalisering av helse- og omsorgstenester i små kommunar. Kommunen tar også del i nasjonale forum og initiativ som til dømes programrådet for felles journalløft, brukarrådet for tenesta Min Kommune og eit utprøvningsprosjekt for deling av viktige helsedata mellom kommunale helsetenester.

Kommunen jobbar kontinuerleg med diverse store og små digitaliseringstiltak. I 2024 blei det blant anna jobba med heildigital handsaming av byggesaker, ulike former for helseteknologi, overgang til ny leverandør av dei kommunale nettsidene, system for bestilling av kommunale bygg og møterom, verktøy for årshjul og innføring og oppfølging av informasjonsskjermer.

Oppfylging av strategien for tenesteutvikling og digitalisering vil vere ei overordna prioritering i 2025. Mange av samarbeidsprosjekta nemnt ovanfor, slik som ny pasientjournal, krev innsats over fleire år. I 2025 vil det også bli jobba aktivt med kunstig intelligens (til dømes i turnusplanlegging), oppgåvedeling i helsetenestene, arkivplan, systemforvaltning, utvikling av kommunale publikumstenester og ny kommunal opplæringsplattform. Kommunen vil også tilsette ein ny tenestedesignar som saman med digitaliseringskoordinatoren skal jobbe strategisk og praktisk med å utvikle kommunen sine tenester til det beste for innbyggjarane våre.

Leserettleiing

Årsmeldinga i Framsikt er bygd opp av desse delane:

- Introduksjon
 - Ordføraren har ordet
 - Kommunedirektørens innleiing
 - Leserettleiing
- Grafikk og nøkkeltal
 - Utvalte nøkkeltal
 - Grafikk over korleis driftsinntekter og driftsutgifter er fordelt
 - Grafikk over korleis investeringsinntekter og investeringsutgifter er fordelt
 - Investeringskart
- Årsmelding - sentrale kapittel
 - Økonomi: drift og investering
 - Medarbeidarar og organisasjon
 - Statistikk (KOSTRA-tal, sjukefråvær, folketal og sysselsetjing)
 - Klima (utsleppstatistikk)
 - Årsrekneskap (forskriftskjemaene)
- Presentasjon av kommunen sine tenesteområde
 - Kvart tenesteområde er presentert med årsmelding, status på måloppnåing, status på eventuelle økonomiplantiltak, sjukefråvær og rekneskap. For nokre tenesteområde ligg all informasjon tilgjengeleg på det øvste nivået, medan for andre tenesteområde ligg noko informasjon tilgjengeleg på øvste nivå, og noko informasjon på verksemdsnivå. For å finne fram til verksemdsnivået, må ein fyrst velje det tenesteområdet ein ynskjer, og deretter velje aktuell verksemd under "Verksemd" i menyen til venstre.
 - Kommunedirektøren består av kommunedirektøren og VTDS (IT-samarbeidet)

- Oppvekst består av barnevern, oppvekst administrasjon, skulane og barnehagane
- Plan, økonomi og berekraft består av PØB og sjølvkost plan/oppmåling/byggjesak
- Helse og meistring består av NAV, helse administrasjon, institusjonstenester, heimetenester, tenester til personar med særlege behov, samt helse og førebygging
- Organisasjon og innovasjon er tidlegare fellestenesta
- Teknisk drift og infrastruktur består av TDV, reinhald og tekstil, og sjølvkost vatn/avløp/renovasjon/slam/feiing
- Kultur, næring og fritid består av kultur og næring

Økonomi: Drift og investering

Årsrekneskapen for 2024 viser eit netto driftsresultat på omlag kr 19,8 mill. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er 2,3 % (for 2023 var dette talet 4,5 %). Inntektene har vorte redusert med om lag kr 10,2 mill. medan utgiftene har auka med om lag kr 9,1 mill. Nokre av hovudårsakene til inntektsreduksjonen er:

- Framleis solide inntekter frå sal av eiga kraft, men ein reduksjon med omlag kr 8,4 mill samanlikna med 2023
- Høge inntekter frå KKST som blir sett av på næringsfond, men ein reduksjon med omlag kr 23,1 mill samanlikna med 2023 (i 2023 vart det bokført store inntekter som galdt 2022)
- Høge inntekter frå eigedomsskatt, men ein reduksjon med omlag kr 2,7 mill samanlikna med 2023
- Rammetilskotet vart kr 870.000 lågare enn budsjetttert, men auka med omlag kr 12,5 mill samanlikna med 2023
- Skatteveksten mot slutten av vart ikkje redusert så mykje som KS sin prognose-modell tok høgde for og medførte kr 2 mill. høgare skatteinntekter enn budsjetttert (auka skatteinntekter med omlag kr 8,9 mill. samanlikna med 2023)
- Integreringstilskotet vart kr 1,9 mill lågare enn budsjetttert, og utgjorde totalt kr 40,1 mill (toleg likt som i 2023). Årsaka er at fleire flyktningar flytta frå kommunen i løpet av året.
- Utbytte frå VTK vart redusert med kr 8,5 mill samanlikna med 2023
- Netto premieavvik og andre pensjonsavrekningar utgjorde ei samla inntekt i 2024 med kr 4,3 (reduksjon med kr 9,1 mill samanlikna med 2023)

Hovudårsakene til kostnadsauken er:

- Lønsutgifter inkl. sosiale utgifter har auka med om lag kr 40 mill. (lønsoppgjera i 2023 og 2024 utgjer kr 35 mill.)
- Overføringar og tilskot til andre har vorte redusert med om lag kr 33 mill.

Nokre tenesteområde kan vise til større mindreforbruk i 2024, men det er viktig å vere klar over at store delar er bunde opp i framtidige utbetalingar. Andre tenesteområde har noko meirforbruk, som er nærare omtala under kvart tenesteområde/verksemd.

Framdrifta på investeringane vart omtrent som forventa etter siste budsjettrevisjon, og behovet for oppattløyvingar frå 2024 til 2025 stemmer toleg godt med det som vart lagt til grunn i saka om sluttjustering av 2024-budsjettet. Oppattløyvingane vil utgjere om lag kr 31 mill. Dette talet inkluderer nedjusteringar gjennom året som vart forutsatt at skulle løyvast opp att. Salsinntekta for Bilrute-bygget

er bokført i 2024 ettersom aksjeposten er overført ny eigar. Oppgjeret for bytehandelen blir ikkje utført før Bratlands-bygget er klart for overtaking. Bustadbyttet mellom kommunen og Bitustøyl fann stad før årsskiftet, medan sluttjusteringssaka tok høgde for at dette fyrst skjedde i 2025.

Balansen er på totalt kr 2,7 mrd. Anleggsmidlar har auka med kr 75 mill., medan omløpsmidlar har auka med kr 24 mill. Langsiktig gjeld har auka med kr 125 mill, knytt til auka lånegjeld med kr 49 mill. og elles auka pensjonsforpliktingar.

Kommunen har eit premiefond i KLP der saldo ved årsskiftet var omlag kr 20,6 mill. Desse midlane skal ikkje balanseførast i kommunen rekneskap, men er midlar som kan nyttast til framtidige premiebetalingar. Kommunen har også fått varsel om at eit større beløp (truleg kr 41,7 mill.) blir godskrive dette fondet som fylgje av god avkastning i 2024.


Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon er lagt til Plan, økonomi og Berekraft (PØB). Her ligg budsjett, rekneskap og løn saman med anna økonomiforvaltning.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, men driftskostnadene aukar. Netto driftsresultatet for 2024 syner eit overskot på ca kr 19,8 mill, mot kr 40,1 mill i overskot for 2023. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk syner at Vinje hadde eit samla mindreforbruk i 2024 på kr 23,8 mill mot kr 20,2 mill i 2023. Samla mindreforbruk for tenesteområda utgjorde kr 4,3 mill, kr 4,6 mill i mindreforbruk er knytt til sjølvkostområda og mindreforbruk på kr 14,9 mill er knytt til sentrale inntekter (skatt, rammetilskot, kraftinntekter, konsesjonsavgifter, finansinntekter etc).

Kommunen bør ha eit netto driftsresultat over tid på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatomgrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadane ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner m.v. (tidlegare 3 %) er ikkje trekt ifrå når netto driftsresultat blir utrekna, kun avdrag på låna. Resultatet for 2024 viser eit forholdstal på 2,3 % (4,5 % i 2023).

Utvikling i netto driftsresultat




Eit godt netto driftsresultat er i stor grad prega av ei god inntektsside, men ein ser at driftsnivået er høgt og 2024 har vore påverka av store bemanningsutfordringar. Særleg er det helse og meistring som har hatt høge utgifter knytt til vikarbyrå og overtidslønn, men også oppvekstsektoren har erfart mangel på arbeidskraft og rekrutteringsutfordringar. Nokre tenesteområde/verksemdar har betydelege mindreforbruk, men store delar av desse er bunde opp i framtidige utbetalingar. Premieavvik og andre pensjonsavrekningar utgjør ei netto inntekt i 2024 på over kr 4,3 mill. Rentenivået har halde seg stabilt gjennom 2024, og netto finansutgifter har auka med ca kr 1,7 mill. samanlikna med 2023.

Inntektsfordeling i 2024

Figuren syner korleis inntektene fordelar seg mellom ulike kjelder. Kraftrelaterte inntekter er summen av eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgifter, netto inntekt frå sal av konsesjonskraft og inntekt frå KKST (fylket).


Netto kraftrelaterte inntekter har dei siste åra før 2022 utgjort omlag 30 % av totale brutto driftsinntekter. I 2022 auka talet til 35 % og i 2023 auka talet vidare til 38 %. I 2024 er talet på 35 %. Netto kraftrelaterte inntekter vart redusert med kr 31,4 mill. frå 2023 til 2024. Inntekts- og formuesskatt auka med kr 8,9 mill frå 2023 til 2024, medan rammetilskotet auka med kr 12,5 mill.

Sals- og leigeinntekter er roleg stabile, medan overføringar/tilskot frå andre auka med kr 5 mill. (relatert til auka sjukelønsrefusjonar, auka momskompensasjon og høgare refusjonsinntekter frå fylket og andre kommunar) og andre overføringar/tilskot frå staten vart redusert med kr 4,6 mill. Brukarbetalingar er toleg stabile.



Utgiftsfordeling i 2024

Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.



Figuren syner at løn og sosiale utgifter auka med om lag kr 40 mill. frå 2023 til 2024, og av dette utgjorde lønssoppgjera siste åra kr 35 mill. Kjøp av varer og tenester auka med omlag kr 1,9 mill., medan overføringar og tilskot til andre vart redusert med kr 33,6 mill. Årsaka til dette er kr 15 mill. lågare utgifter på næring knytt til enkeltvedtak gjennom året (Tyrvelidkrysset utgjorde kr 7,7 mill.) og resten er knytt til innbyggartilskot.

56 % av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, som er toleg like med fjoråret. Lønsrelaterte utgifter utgjør vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene utgjør ca kr 90,3 mill, som er ei auke frå fjoråret med kr 11,7 mill.

Premieavvik er skilnaden mellom netto pensjonskostnad og årets premieinnbetaling. Premieavviket blir avskrive over 7 år, og tal per 31.12.2024 viser eit akkumulert premieavvik (inkludert arbeidsgjevaravgift) på omlag kr 81,5 mill, som altså kjem til å påverke rekneskapen dei komande åra. I 2024 vart det inntektsført ca kr 4,3 mill (sum av årets og amortisert premieavvik inkludert arbeidsgjevaravgift og andre pensjonsavrekningar). Tidlegare år har gjennomsnittleg pensjonstrekk vore på 14-15 %, medan trekket i

2023 vart på over 17 %. I 2024 har dette trekket utgjort nær 15 %. Verksemdene er trukke 17 % i tråd med grunnlaget for budsjetttrammene. Årsaka til auken i pensjonstrekk er relativt høge lønssoppgjer og høg prisvekst. Auka pensjonskostnader skal i teorien kompenseras gjennom auka rammetilskot, men auka pensjonspremie (faktisk innbetaling) og premieavvik påverkar likviditeten til kommunen i stor grad.

Kraftinntekter

Kraftmarknaden i 2024 var som føregåande år prega av historisk høge prisnivå, men noko lågare enn rekordnivået ein såg i 2022. Prisskilnadene i Noreg har vore store, med meir normale prisar i nord, og svært høge prisar i sør. Dette skuldast mellom anna låg overføringskapasitet mellom nord og sør i Noreg, men også mellom Sverige og Noreg. Fleire aktørar arbeider no med tiltak som skal betre overføringskapasiteten. I tillegg er utanlandskablane frå Noreg til kontinentet linka til sør-Noreg, men sjølv utan desse kablane ville ein sett eit mykje høgare prisnivå i sør enn i nord.

Noreg er dela inn i 5 kraftområder, og Vinje si kraft ligg i området kalla NO2. Dette området har hatt dei høgaste prisane gjennom 2024. Gjennomsnittsprisen for NO2 i 2024 var omlag 58 øre/KWh, samanlikna med 90 øre/KWh i 2023. Dersom ein tek omsyn til at kommunen får tildelt kraft over månadsblokkmodellen (meir volum om vinteren) var korrigert gjennomsnittspris i 2024 på omlag 61 øre/kWh. I opprinneleg budsjett for 2024 vart det lagt til grunn ein forventa pris på omlag 98 øre/KWh, og heile kraftmengda vart sikra før ein gjekk inn i 2024. Kraftmarknaden fall utover året, men grunna den høge sikringsgraden har kommunen oppnådd ein gjennomsnittspris på 98,7 øre/KWh, som altså er 40 øre/kWh over spotmarknaden. Det er viktig med stabile og føreseielege inntekter for kommunen, og den høge sikringsgraden viser seg å ha vore eit særskilt godt val for 2024. Kostnader med kraftkjøp har tidlegare år vore omlag 11 øre/KWh for særavtalekrafta og omlag 13 øre/KWh for øvrig konsesjonskraft. Grunna den spesielle kraftsituasjonen dei siste åra har ein fått betalt for å mate straumen ut på nettet (istaden for å betale for dette), som har medført noko lågare kostnader. Samstundes ser ein at kostnaden knytt til særavtalekrafta og OED-prisen har gått opp noko dei siste åra, og gjennomsnittleg har krafta vår kosta 11,8 øre/KWh i 2024. Netto inntekter frå sal av kraft utgjorde totalt kr 104,9 mill i 2024.

Vinje kommune melder kvart haust om forventa forbruk komande år. Hausten 2023 meldte Vinje kommune om eit forventa forbruk i 2024 på 122,4 GWh, som var i tråd med prognoser frå dei lokale kraftlaga. Kraftlaga varsla derimot våren og hausten 2024 om ei monaleg auke i straumforbruket i kommunen, og antyda eit endeleg forbruk rundt 135 GWh. Dette skuldast truleg noko redusert prisnivå, og både hus, hytter og næringsliv har igjen endra forbruksmønsteret sitt. I tillegg spelar ver og temperatur inn på forbruket. Endelege forbrukstal frå kraftlaga viser at forbruket enda på nær 132,5 GWh. Samanlikna med eit totalt forbruk på 131 GWh i 2023, ser me altså ei ytterlegare auke med 2 % i 2024. I 2022 var forbruket på ca. 122 GWh.

Vinje kommune har avtale med Konsesjonskraftstyret i Telemark (KKST) som mellom anna seier at den kraftmengda kommunen ikkje sjølv brukar skal gå til fylket. Forventa forbrukstal blir lagt til grunn, og i etterkant skjer det ei avrekning når endelege forbrukstal er klare. Basert på at kraftlaga våren og hausten 2024 meldte om ei auke i forbruket, så resulterte dette i eit forventa etteroppgjer mellom kommunen og fylket på omlag kr 8 mill., som vart tatt høgde for i revidert budsjett. Når ein no har endelege forbrukstal klare, er dette etteroppgjeret utrekna til kr 6,9 mill (betaling frå fylket til kommunen). I rekneskapen er det tatt høgde for kr 7,9 mill., basert på dei tala me hadde tilgjengeleg då rekneskapen vart avlagt. Avrekningsbeløpet mellom fylket og kommunen var på heile kr 34,2 mill. i 2022 (kommunen betalte til fylket), og i 2023 på kr 3,8 mill. (kommunen betalte til fylket).

Som del av avtala med KKST får Vinje kommune att delar av inntekta knytt til den kraftmengda kommunen overlet til fylket. Revidert budsjett for 2024 viser at kommunen skulle få ei inntekt herifrå på omlag kr 42,4 mill, og summen blir avsett til næringsfondet. KKST har derimot levert eit betre resultat enn revidert

budsjett tok høyde for, og resultatet ser ut til å bli kr 47,7 mill. for Vinje sin del. I tillegg fekk kommunen godskrive kr 4,6 mill som fylgje av rekneskapsavrekningar for 2023 (knytt til etteroppgjeret mellom kommunen og fylket / KKST, samt at KKST leverte eit mykje betre resultat enn revidert budsjett tok høyde for).

Konsesjonsavgiftene utgjorde kr 33,1 mill, som er om lag kr 4 mill. høgare enn budsjettert. Dette skuldast indeksjustering som skjer kvart femte år, men med ulikt tidspunkt for dei ulike konsesjonane. Kommunen har dialog med NVE for å skaffe seg oversikt over dei ulike konsesjonane og justeringstidspunkt, og vil truleg kunne budsjettere meir presist framover. Eigedomsskatten utgjorde kr 66 mill. Naturressursskatten er også relatert til kraftutbygginga, og utgjorde kr 36,4 mill. Naturressursskatten har gått ned dei siste to åra, men skal frå 2026 aukast frå 1,10 øre/KWh til 1,13 øre/KWh.

Samla netto inntekter relatert til kraft utgjorde i 2024 kr 301 mill., som er 35 % av totale brutto driftsinntekter.


Det er utbetalt kr 1,9 mill i straumstønad til næringslivet i 2024 (men kr 1,7 mill. av dette beløpet var relatert til 2023), og kr 10,3 mill i innbyggartilskot i 2024.

Ishavskraft AS oppsummerer kraftmarknaden for 2024 slik:

"Spotmarkedet i NO2 falt fra 90,4 i 2023 til 58,2 øre/kWh i 2024, noe som tilsvarer en nedgang på 36 prosent. Ved inngangen til året var hydrologien i Norden relativt svak, men hydrologien bedret seg betydelig fra og med andre halvår med mer nedbør og mild avslutning på året. Det var betydelige svingninger, der laveste ukespris ble uke 20 med 28,1 øre/kWh i snitt, mens høyeste ukespris var i uke 50 med 157,7 øre/kWh.

Gassmarkedet bunnet ut i februar med en marginalkostnad på rundt 70 EUR/MWh og steg tett opp mot 130 EUR/MWh ved årsslutt. Normalt vil dette gi løft i prisene i NO2, men 2024 er et godt eksempel på at hydrologisk overskudd lokalt overstyrer kontinentale markedspriser. Kraftmarkedet var i 2024 preget av stor geopolitisk spenning, særlig tilknyttet krigen i Ukraina, periodevis tilspissede situasjoner i Midtøsten og presidentvalget i USA. Gjennomsnittlig vekslingskurs mellom euro og norske kroner var i fjor 11,63 mot 11,42 i 2023.

Dersom man tar hensyn til at kommunen får tildelt kraft over månedsblokkmodellen ville spotprisen blitt 61,3 øre/kWh. Gjennom året har kommunen hatt en høy grad av sikring og dette har ført til at kommunen har vært skjermet for mye av nedgangen i spotmarkedet. Kommunens oppnådde pris på salg av kraft (122,43 GWh) endte på 98,7 øre/kWh."



Rente- og finansinntekter


Vinje kommune har sidan hausten 2023 hatt avtale med Bergen Capital Management AS om finansforvaltning.

Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 3 månaders NIBOR, og gjennomsnittet i 2024 for 3 månaders NIBOR var på 4,72 %. Rentenivået har halde seg stabilt gjennom året, og 3 mnd NIBOR gjekk frå 4,69 % til 4,68 % gjennom året, med ein topp på sommaren på 4,76 %. I 2025 er det forventa ein reduksjon i rentenivå, men verdssituasjonen påverkar dette og det har vist seg svært vanskeleg å spå kva som vil skje på fleire kantar av verda.

Renteinntekter i 2024 utgjorde kr 6,3 mill, som er ein nedgang frå 2023 med kr 1,2 mill. Gjennomsnittleg hadde kommunen kr 130 mill på konto og i fond gjennom 2024, samanlikna med kr 187 mill i 2023. Utover hausten og mot slutten av året fall likviditeten monaleg, og ved årsslutt hadde kommunen kr 110 mill i fri likviditet. Dersom rentenivået hadde auka med ytterlegare 2 % ville renteinntekter auka med kr 1,6 mill. Då tek ein høgde for ein del lågare gjennomsnittleg likviditet enn tidlegare år.

Kommunen fekk utbetalt utbytte frå VTK med kr 8,6 mill i 2024.

Kommunens fondsplassering via Bergen Capital Management AS har gitt ei samla avkastning på kr 4,8 mill eller 8,5 % i 2024. Kommunen har i tråd med finansreglementet valt ein relativt låg risikoprofil på portefølja, der 80 % er plassert i obligasjonsfond og 20 % i aksjefond. Marknadsverdien av portefølja vår var pr 31.12.2024 på kr 60,1 mill. Ein stresstest av portefølja vår viser at dersom rentenivået stig med 2 % og norske og globale aksjar fell med høvesvis 30 % og 20 %, så ville eit samla potensielt verdifall utgjere kr 3,7 mill. Behaldninga er fordelt slik det går fram av finansreglementet at skal vere ein "normal"-situasjon, og fordelinga ser slik ut:



Aksje- og rentemarknaden i 2024, oppsummert av Bergen Capital Management AS:

"I begynnelsen av 2024 var markedene preget av mye støy, usikkerhet og geopolitisk spenning. Året startet med en av historiens største konkurser, Evergrande-konkursen (kinesisk eiendomsselskap), kun slått av Lehman Brothers. Til tross for dette var reaksjonen i våre markeder minimale. Videre var rentemarkedet splittet mellom investorenes håp om raske kutt og sentralbankenes varsomme tilnærming. Fed signaliserte tre kutt gjennom året, mens markedet lenge priserte inn opptil seks. Troen på at rentetoppen var nådd ble mer og mer tydelig.

Etter hvert som inflasjonstallene tikket inn, ble det tydelig at prispresset ikke ville slippe taket så raskt som mange håpet. Sysselsettingstallene i USA var sterke, og lønnsveksten holdt seg høy, noe som svekket troen på snarlige rentekutt. Renteforventningene justerte seg gradvis, og markedet begynte å lytte mer til sentralbankene. Amerikanske teknologiselskaper steg videre, mens Oslo Børs sakk akterut. Etter en tung start på året begynte likevel optimismen å vende tilbake da oljeprisen steg kraftig, noe som ga en etterlengtet opptur for den oljetunge norske børsen.

Sommeren ble preget av dramatiske hendelser. I USA skapte et attentatforsøk på Trump politisk uro, og da Biden trakk seg fra presidentvalget til fordel for Kamala Harris, ble den politiske usikkerheten enda større. Nervøsiteten i markedet ble merkbar, og fryktindeksen VIX steg til nivåer ikke sett siden finanskrisen, og det ble spekulert i om USA var på vei inn i en resesjon. Arbeidsmarkedstallene skuffet, og Sahm Rule, en indikator for økonomiske nedgangstider, ble for første gang på mange år utløst. Samtidig sendte en uventet renteheving fra Bank of Japan sjokkbølger gjennom markedene.

Tokjobørsen stupte over 12 % i et voldsomt nedsalg, men hentet seg raskt inn da den japanske sentralbanken avklarte at ytterligere hevinger ikke var på agendaen.

Da høsten kom, begynte «rentefesten» for alvor. Fed gjennomførte sitt første rentekutt, og ECB og Riksbanken fulgte etter. Norges Bank var fortsatt tilbakeholden og holdt renten uendret. I USA fortsatte valgkampen å dominere markedene, og med Trump i ledelsen begynte investorene å spekulere i hva en

ny periode med ham i det hvite hus ville bety. Økte tariffier og nye handelsrestriksjoner kunne gi press på inflasjonen, men samtidig var markedet optimistisk med tanke på mulige skatteutt.

Mot slutten av året var inflasjonen endelig anerkjent som under kontroll - ECB hadde gjennomført tre kutt, og Fed leverte sitt tredje kutt like før jul (første kutt var 50bp.). Norges Bank kuttet ikke renten i 2024, og pekte på sterke innenlandske forhold som bidro til en høyere rentebane, og guidet første rentekutt mars 2025. Oslo Børs endte året med en solid oppgang, selv om den var beskjedent sammenlignet med amerikanske indekser, hvor S&P 500 og Nasdaq begge hadde et eksepsjonelt sterkt år. Til tross for at rentene begynte å falle, var det fortsatt usikkerhet rundt hvordan Trumps politikk ville påvirke økonomien i 2025.

2024 ble dermed et år preget av en langvarig kamp mot inflasjonen, politiske sjokk og et aksjemarked som svingte mellom eufori og frykt.


Vi oppsummerer 2024 med følgende data per 31.12.2024:"

US 10 år stat	4,576 %		Året 2024
Norsk 10 år stat	3,859 %	OSEBX	+ 9,06 %
Norsk 10 år swap	4,021 %	S&P 500	+ 23,31 %
Brent	74,78 USD	Nasdaq	+ 28,64 %

Investeringar

Vinje hadde også i 2024 høg aktivitet på investeringsfronten, sjølv om nokre prosjekt hadde noko lågare framdrift enn budsjetttert for. Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapen vidare ned ser ein som vanleg at investeringar i anleggsmidlar er dominerande også i 2024 og utgjør nær 86 %.

Utlån av startlån utgjorde kr 9,3 mill, betalte avdrag på startlån kr 2,3 mill og kjøp av aksjar kr 1,8 mill. (Hydrogenvegen AS, Fjellab AS og eigenkapitalinnskott i KLP).



Det vart investert for kr 89,1 mill. i anleggsmidlar i 2024, mot kr 108,3 mill året før. Fleire av investeringsprosjekta held fram i 2025.

Rehabilitering og påbygg av Rauland omsorgssenter vart ferdigstilt sommaren 2024. I tillegg har ein gjennomført detaljprosjektering av Norheimstunet med omsyn til byggestart i 2025. Den gamle brannstasjonen i Åmot har vorte bygd om til lager for sivilforsvar og hjelpemiddelsentral, og det er sett opp eit nytt lagerbygg på Hovdestadmoen for TDI og næring. Det er også gjennomført eit forprosjekt ved bankbygget i Åmot med omsyn til rehabilitering og tilrettelegging for NAV, barnevern, psykisk helse m.m. I Juvbakk vart kommunal tomannsbustad ferdigstilt i løpet av året.

Vidare har ein arbeidd med utgreiingar kring Rauland skule. Ein tek sikte på ei endeleg avgjersle kring nybygg eller rehabilitering i 2025. Barnehagen i Edland har vorte utvida med ein brakkerigg i påvente av eventuell permanent løysing, og ved Åmot småskule har ein starta opp med rehabilitering av bygget. Ferdigstilling sommaren 2025.


Innanfor andre område har ein starta opp med bygging av veg, G/S-veg og VA på på Litangen. På industriområdet i Åmot stod nye Sagvegen bru klar mot slutten av året. I samband med byggeprosjektet til Qmatec vart det og lagt om noko kommunal VA, samt at TDI bistod med byggeleiing på nybygget til Qmatec. Beredskapstiltak langs Berdalsvegen vart fullført og ein har starta opp tilsvarande arbeid med hogging og vegrekkverk langs Våmartveitvegen.

I Edland/Haukeli pågår flaumsikring langs Bora, samt arbeid med aktivitetsparken.






Gjennomsnittleg lånefinansiering siste 5 år er 46,7 %. I 2024 vart det teke opp lån med kr 66,8 mill., men kr 13,2 mill. vart sett av som unytta lånemidlar og vil bli bruka i 2025. I tillegg vart det teke opp startlån med kr 10 mill.




Gjeld

Gjelda til kommunen har auka med ca kr 49,6 mill, medan renteutgiftene har auka med ca kr 4,7 mill. i 2024 samanlikna med 2023. Gjennom året har gjennomsnittsrenta på gjeldsportefølja auka, og vekta gjennomsnittsrente for året hamna på 3,8 %. Årsaka til auken i gjennomsnittsrente frå juni, var refinansiering av eit større lån med relativt låg rente.



Gjelda har vore høg dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. Økonomiplanen viser også ei auka gjeldsmengde i åra framover. I forvaltinga søker ein å oppnå stabile renteutgifter, samstundes som ein ynskjer å dra nytte av handlingsrommet mellom fast/flytande rente og korte/lange lån. Rentenivået på låneportefølja er i tråd med og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til krava i finansreglementets utgjør største enkeltlån (NOK 142 mill) 20 % av total lånegjeld, som er innanfor kravet om max 30 %.


Forfallsstrukturen går fram av figuren under:



Finansreglementet set krav om at maksimalt 50 % (40 % skal vera normalsituasjonen ein ynskjer å halde seg innanfor) av gjeldsportefølja skal forfalle i løpet av dei næraste 12 mnd. Ved årsskiftet ser ein av figuren over at dette talet var 45 %. Det største lånet på kr 142 mill. forfell i februar 2025, og vil bli refinansiert med eit lengre lån, slik at dette måltalet vil bli monaleg redusert i slutten av februar 2025.

Gjennomsnittleg gjenverande rentebinding skal vera mellom 1 og 4 år, og var ved årsskiftet 1,56. Fastrentedelen skal vere på minimum 25 % og var ved årsskiftet på 34 %.

Kommunen hadde ved årets utgang plassert sine innlån i fire låneinstitusjonar, i tillegg til Husbanken, som går fram av figuren under:



Utestående gjeld ved årsskiftet var kr 704 mill. I prosent av brutto driftsinntekter utgjør gjelda 81 %. Dersom ein trekkjer frå gjeld relatert til investeringar innan sjølvkostområdet for vatn og avløp, samt startlån til Husbanken, og trekkje ut driftsinntekter knytt til sjølvkostområdet, får ein eit korrigert forholdstal mellom gjeld og brutto driftsinntekter på 48 %.


Under fylgjer ein oversikt over gjeldsutviklinga, basert på vedteken økonomiplan for 2025 - 2028:

	2024	2025	2026	2027	2028
Saldo 01.01	654 834	704 108	739 108	815 808	877 458
Låneopptak	76 800	63 750	106 250	92 000	36 000
Avdrag	27 526	28 750	29 550	30 350	31 150

Saldo	704	739	815	877	882
31.12	108	108	808	458	308

Fondsmidler

Fondsbeholdninga har auka frå ca kr 155 mill. i 2023 til kr 176 mill. i 2024. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einskilde år, og både bundne og ubundne fond. Figuren under baserer seg på nota i årsrekneskapen.



Disposisjonsfondet er uendra, men det vil bli behov for å løyve opp att kr 8,16 mill. knytt til fastsetjinga for 2024. Konesjonsavgiftsfondet vart auka med kr 17,2 mill., men også her er det naudsynt å løyve opp att kr 13,5 mill. knytt til oppattløyving av investeringar. Næringsfondet auka med kr 12,5 mill., medan Kraftfond Møsstrand auka med om lag kr 620.000. Pensjonsfondet har framleis saldo på kr 11,3 mill og skal nyttast til framtidig auke i pensjonsutgifter. Kommunedirektøren rår til at kr 4,3 mill. blir tilført hit som fylgje av fastsetjinga for 2024.

Status for 2024 og utvikling framover i dei ulike fonda er synt under. Tabellane er basert på vedteke økonomiplan for 2025 - 2028 og eventuelle politiske vedtak fatta i 2025. I tillegg har kommunen eit bunde investeringsfond knytt til G/S-veg Bøgrend med saldo på kr 2,5 mill.

KONSESJONSAVGIFTSFOND	2024	2025	2026	2027	2028
Disponibelt 1.1.	31 604	48 847	25 523	25 217	25 681
Inntekter	33 084	29 075	29 075	29 075	29 075
Overføring - kraftfond Møsstrand	437	437	437	437	437

Årsmelding 2024

Bruk drift	15 404	15 374	7 874	7 874	7 874
Bruk investering		36 588	21 070	20 300	19 900
Disponibelt 31.12	48 847	25 523	25 217	25 681	26 545

NÆRINGSFOND	2024	2025	2026	2027	2028
Disponibelt 1.1.	11 743	24 470	21 035	20 185	17 335
Inntekter	42 400	40 000	24 000	22 000	22 000
Bruk drift	29 672	43 435	24 850	24 850	19 850
Bruk investering					
Disponibelt 31.12	24 470	21 035	20 185	17 335	19 485

KRAFTFOND - MØSSTROND	2024	2025	2026	2027	2028
Disponibelt 1.1.	26 391	27 014	27 451	27 888	28 325
Inntekter/avkastning	1 200	1 100	1 000	1 000	1 000
Del av konsesjonsavgifter	437	437	437	437	437
Bruk drift	1 014	1 100	1 000	1 000	1 000
Disponibelt 31.12	27 014	27 451	27 888	28 325	28 762

Årsmelding 2024


DISPOSISJONSFOND	2024	2025	2026	2027	2028
Disponibelt 1.1.	35 354	31 554	17 999	17 999	17 999
Inntekter					
Bruk drift	3 800	12 755			
Bruk investering		800			
Disponibelt 31.12.	31 554	17 999	17 999	17 999	17 999

PREMIEFOND	2024	2025	2026	2027	2028
Disponibelt 1.1	7 500	11 300	15 600	15 600	15 600
Inntekter	3 800	4 300	0	0	0
Disponibelt 31.12.	11 300	15 600	15 600	15 600	15 600

Tal i tabellane for 2025 og framover er oppdatert etter kommunestyret sine vedtak i møtet 24.juni 2025.

Likviditet


Vinje kommune har hatt ein meir utfordrande likviditetssituasjon gjennom 2024 enn tidlegare år. Kommunen har i gjennomsnitt hatt ca kr 130 mill inntestående på konto, som inkluderer den plasserte overskotslikviditeten som har marknadsverdi på kr 60,1 mill forvalta av Bergen Capital Management AS. Gjennomsnittslikviditeten er ca. kr 57 mill lågare enn 2023. Figuren under gjev eit bilete på likviditetssituasjonen siste dato i kvar månad dei siste tre år.



I revidert økonomi- og finansreglement vart det opna for å etablere ein kontokreditt på kr 40 mill. Årsaka til dette behovet var nedgangen i ledig likviditet kvar månad, og særleg nokre månader i året der ein ser at likviditeten er særleg pressa. Dette skuldast mellom anna utstrakt bruk av fond og eigenfinansiering av investeringane. Investeringsakta har vore høg dei siste åra, kombinert med relativt låge låneopptak. Mange driftstiltak har også vorte finansierte gjennom bruk av fond. I 2023 investerte kommunen i varige driftsmidlar og aksjar for omlag kr 145 mill, medan låneopptaket var på kr 9,5 mill. I 2022 investerte me for kr 91 mill, medan låneopptaket var kr 47 mill. I 2024 hadde me eit investeringsbudsjett på kr 125 mill og eit låneopptak på kr 67 mill. Dei siste 3 åra har fondsfinansiering av ulike driftsføremål utgjort totalt kr 160 mill.

Balansen

Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er roleg lik som i 2023. Anleggsmidlar har auka med ca kr 75 mill., medan omløpsmidlar har auka med ca kr 24 mill. Totalkapitalen er på omlag kr 2,7 mrd og har auka med omlag 4 % eller kr 100 mill. i løpet av 2024.



Finansielle måltal

Kommunestyret har vedteke desse tre finansielle måltala:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vera høgare enn 1,75 %.
 - Rekneskapen viser at måtalet for 2024 er 2,3 % og såleis over kravet.
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter skal vera høgare enn 5,0 %.
 - Rekneskapen viser at måtalet for 2024 er 7,7 % og såleis godt over kravet.
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vera mindre enn 100 %.
 - Rekneskapen viser at måtalet for 2024 er 72 % og såleis godt under kravet.

Som nemnt tidlegare har kommunen hatt høge kraftinntekter, som er hovudårsaka til det gode driftsresultatet. Gjennom 2024 har driftsnivået vore høgt og det har vorte fatta mange vedtak som inneber fondsbruk. Samla mindreforbruk knytt til årsavslutninga er i sin heilskap sett av til disposisjonsfond, men det er naudsynt å løyve opp att delar av dette ettersom midlar er bunde opp i framtidige utbetalingar.

Netto lånegjeld har i mange år vore høg grunna høg investeringstakt, men det er viktig å merke seg at ein stor del er knytt til sjølvkostområda for vatn og avløp. Dersom ein trekkjer frå gjeld relatert til slike sjølvkostinvesteringar, samt trekkjer frå startlån til Husbanken, og trekkjer ut driftsinntekter knytt til sjølvkostområdet, får ein eit korrigert forholdstal mellom netto lånegjeld og brutto driftsinntekter på 48 %.

Vinje samanlikna med andre kommunar - KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan nyttast til direkte samanlikning av kommunar. Systemet blir kalla KOSTRA. Me vil gi eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe kommunar (KOSTRA-gruppe 6) i tillegg til nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA-gruppe 6 består av kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, der kommunane har middels bundne kostnader og høge frie disponible inntekter per innbyggjar. KOSTRA seier noko om


kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrad fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstilt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis me ligg i høve til andre. Tabellen under "Sentrale kapittel" som omtalar KOSTRA-tal er henta frå denne rapporteringa.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar.

Driftsinntekter fordelt på inntektskilder

Vinje har framleis ei litt anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane me samanliknar oss med. Både rammetilskot og skatteinntekter er noko lågare, målt som del av totale inntekter, medan sals- og leigeinntekter utgjer relativt meir for Vinje sin del enn for andre samanliknbare kommunar. Me har ei høgare inntekt frå eigedomsskatt enn like kommunar, men andelen ligg noko lågare enn i Tokke og Tinn. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringer.




Brutto driftsutgifter fordelt på ulike tenester

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane opp mot kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.

Vinje skil seg i noko grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Me ligg høgare enn kommunane me samanliknar oss med på vatn/avløp/renovasjon/avfall og plan/byggesak/miljø, næringsforvaltning og barnehage. Innom grunnskule ligg Vinje noko lågare enn samanliknbare kommunar, og innanfor helse og omsorg ligg Vinje toleg likt med Tokke, medan andelen er lågare enn i Tinn og samanliknbare kommunar.

Vinje sin andel innom helse og omsorg er noko høgare enn i 2022. Kultur har noko lågare andel enn Tokke og Tinn, men har auka samanlikna med 2022. Utgifter til administrasjon ligg lågare enn Tokke og KOSTRA-gruppe 6, og ligg på same nivået som i 2022. Under «Fellesutgifter» finn me mellom anna konsesjonskraft som utgjer hovuddelen av dette talet. Det er grunn til å tru at den førebelse KOSTRA-rapporteringa inneheld feil med omsyn til barnevern (Kviteseid er vertskommune for barnevernsamarbeidet) og sosialektoren (Tokke er vertskommune for NAV).



Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere med at tenestetilbodet i Vinje framleis er godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester må ein sjå i samanheng med at det er gjort eit bevisst val på ein desentralisert struktur på fleire område.

Vesentlege avvik - beløp og premisser

I tråd med ny kommunelov og tilhøyrande forskrifter skal det rapporterast på vesentlege beløpssmessige avvik mellom årsrekneskap og årsbudsjett, i tillegg til at det skal rapporterast på vesentlege avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av løyvingane.

Fylgjande beløpssmessige avvik mellom årsrekneskap og årsbudsjett blir vurdert som vesentlege:

- Rammetilskotet vart kr 2,3 mill. lågare enn budsjettert, men me fekk i tillegg andre statlege tilskot knyt til rentekompensasjon på kr 1,4 mill, som ikkje var budsjettert med. Kommunen har halde seg til KS sin prognose-modell. Hovudårsaka til reduksjonen er knytt til inntektsutjamninga i inntektssystemet, som justerer for auken i skatteinntekter (sjå neste punkt).
- Skatteinntektene vart omlag kr 1,9 mill. høgare enn budsjettert (når ein tek høgde for naturressursskatt) og skuldast at reduksjonen i skatteveksten mot slutten av 2024 ikkje vart så stor som KS tok høgde for, og som viste seg å stemme for svært mange kommunar. Vinje kommune kom altså betre ut enn gjennomsnittet som låg til grunn for KS sin prognosemodell. Inkludert i dette talet tek ein høgde for at me fekk ein nedgang i naturressursskatten med nær kr 3 mill., som skuldast lågare kraftproduksjon ved nokre av kraftverka. Vasskraftproduksjonen på landsbasis var 10 % lågare enn føregåande år, og særleg kraftverka i sør-Noreg har erfart stor

nedgang. Også i 2023 såg ein nedgang i naturressursskatten, men den er venta å auke att frå 2026.

- Netto inntekter frå sal av eiga kraft vart kr 1,5 mill. høgare enn budsjettert. Hovudårsaka til dette er noko betre prisnivå på spotportefølja enn budsjettert, trass i eit noko lågare etteroppgjer mellom fylket og kommunen enn budsjettert.
- På KKST sitt styremøte i desember vart det lagt fram revidert budsjett som er nytta som grunnlag i rekneskapsavslutninga. Endeleg vedtak på avrekning mellom KKST og kommunen kjem fyrst i juni 2024, men tala ser ut til å ta høgde for endelege forbrukstal for alle kommunane.
- Konsesjonsavgiftene vart kr 4 mill. høgare enn budsjettert, og skuldast indeksregulering som skjer kvart 5. år. Kommunen er i dialog med NVE for å skaffe seg betre oversikt over når dei ulike konsesjonane blir regulert og vonar å treffe betre på budsjett framover.
- Renteutgifter vart kr 960.000 lågare enn budsjettert, som skuldast tidspunktet for kommunens refinansieringar av lån til betre nivå enn budsjettert.
- Renteinntekter vart kr 700.000 lågare enn budsjettert, ettersom saldoen på innskot vart kraftig redusert utover hausten. Kommunen får ein del inntekter mot slutten av året, medan drifts- og investeringsutgiftene heldt seg jamnt høge.
- Avkastning på portefølja plassert gjennom Bergen Capital Management AS hadde ingen budsjettavvik.
- Integreringstilskotet vart kr 1,9 mill. lågare enn budsjettert. Dette skuldast i all hovudsak at fleire flyktningar flytta frå kommunen i løpet av året.
- Netto premieavvik (summen av årets og amortisert premieavvik) inkludert arbeidsgjevaravgift og andre pensjonsavrekningar utgjorde tilsaman ei inntekt i 2024 på kr 4,3 mill. Det er ikkje budsjettert med denne storleiken, men som i fjor kjem kommunedirektøren til å gjere framlegg om å setje av store delar av beløpet til kommunens pensjonsfond.

Under kvart tenesteområde/verksemd er det rapportert status på alle økonomiplantiltak som det vart løyvd midlar til i budsjettet for 2024. Det er oppgjeve status på tiltaket og eventuelle kommentarar der det er naudsynt. Eventuelle avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av løyvingane kan ein såleis finne under kvart tenesteområde/ verksemd, og eventuelt i teksten til årsmeldinga for kvart tenesteområde/verksemd.

Når det gjeld oppfylgjing av alle politiske vedtak frå dei ulike utvala, så blir det vist til kommunens leiarsøttesystem kalla Bridge. Bridge er ein del av internkontrollen, og her kan ein få oversikt over framdrift og status på alle vedtak som er fatta i kommunestyret, formannskapet, plan- og miljøutvalet samt oppvekst- og velferdsutvalet. Lenke til dette systemet finn ein her:

<https://www.vinje.kommune.no/oppfylgning-av-politiske-vedtak.538277.nn.html>.

Hendingar etter rekneskapsårets slutt

Kommunestyret vedtok i februar at det skal gjennomførast anbodskonkurranse for perioden 2025-2027 med sikte på få på plass 10 nye bueiningar i Haukeli, 16 i Rauland og 15 i Åmot. Husbankens konsept for tilvisingsavtaler ligg til grunn for utlysingane, og avtaleperioden blir sett til 30 år. Administrasjonen er i gang med å utarbeide anbodsdokument og starte denne prosessen.

I samband med budsjettet vedtok kommunestyret at Vinje kommune skal ta imot 30 flyktningar i 2025. I byrjinga av mars kom dei fyrste 5 flyktningane dette året.

I mai 2025 har me fått bistand frå systemleverandør med å kom ajour med bokføring av sjukelønsrefusjonar. Grunna omlegging til nytt økonomisystem har me hatt noko etterslep på dette området. Resultatet av dette, var m.a. at det vart bokført kr 3,5 mill. i sjukelønsrefusjonar som gjeld

2024. Dette er altså bokført hjå dei respektive tenesteområda i 2025. Denne handlinga påverkar i noko grad faktisk resultat for 2024 for dei ulike tenesteområda, og blant dei som fekk større beløp bokført kan ein nemne:

- Helse og meistring sitt resultat for 2024 skulle vore kr 2,1 mill. betre enn det som går fram av rekneskapen
- Oppvekst sitt resultat for 2024 skulle vore kr 580.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Teknisk, drift og infrastruktur sitt resultat for 2024 skulle vore kr 325.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Kultur, næring og fritid sitt resultat for 2024 skulle vore kr 205.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Organisasjon og innovasjon sitt resultat for 2024 skulle vore kr 95.000 betre enn det som går fram av rekneskapen
- Plan, økonomi og berekraft sitt resultat for 2024 skulle vore kr 90.000 betre enn det som går fram av rekneskapen

Medarbeidarar og organisasjon

Verksemdstyring

Kommunen blir styrt i tråd med overordna planverk og i samsvar med lover og forskrifter, reglar og rutinar frå overordna styresmakter. Kommunen må ha eit tilfredsstillande system for:

- styring (setje mål, sørge for tilstrekkelege planar og ha naudsynte rutinar for oppfølging)
- leiing (ta imot styringssignala, organisere ressursane, målretta verksemd, gjennomføre og rapportere)
- kontroll (eigenkontrollen til kommunen og ekstern kontroll gjennom tilsyn/revisjon)

Internkontroll

Systemrevisjon skal gjennomførast som eitt ledd i Vinje kommunes kvalitetsstyring og internkontroll, for å sikre ivaretaking av myndigheitskrav, kvalitetskrav og internt fastsette krav jf. Forskrift om internkontroll og forskrift om organisering, leiing og medverknad. Revisjonen skal danne grunnlag for kontinuerleg forbetring og gjennomførast på ein måte som bidreg til auka forståing for utviklinga av kvalitetssystem og internkontroll.

Revisjonen arbeider etter eit fastsett program, men grunna kapasitetsutfordringar, blei det ikkje gjennomført internrevisjon i løpet av 2024.

Tilsyn i 2024

Kommunens oppfølging av krisesentertilbodet

Tema for tilsynet er internkontrollen til kommunen for ivaretaking av barns (personar under 18 år) rett til skule- og barnehagetilbod under opphald på krisesentera, og tilrettelegging av fritidstilbod for barn i og utanfor krisesentera. Tilsynet rettar seg mot systema til kommunane for å sikra at krisesentertilbodet oppfyller kravet i lova på dei valde områda.

Dette har vore eit eigenvurderingstilsyn der kommunen skulle svare på fylgjande punkt:

1. Hvordan dere sikrer forpliktelsene i krisesenterloven § 3 annet ledd til å ivareta barn?
2. Hvordan dere sikrer forpliktelsene i krisesenterloven § 4 til samarbeid og samordning?
3. Hvordan plikten til internkontroll etter kommuneloven § 25-1 oppfylles for de virksomheter og tjenester som utgjør kommunenes helhetlige krisesentertilbud, jf. krisesenterloven § 4 og 3 annet ledd.

Tiltak etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester kap. 9

Det vart utført eit meldt tilsyn 11.12.2024 frå statsforvalteren etter kap. 9 om tvang og makt. Eit slikt tilsyn er vanlig praksis etter at det blir fatta vedtak etter kap. 9 i helse- og omsorgslova. Kommunen har ikkje motteke rapporten frå tilsynet enno.

Tilsyn ved PPT

Det blei gjennomført tilsyn på PPT-tenester av Statsforvaltaren då det interkommunale samarbeidet, Vest-Telemark PPT IKS, var under avvikling. Statsforvaltaren, basert på meldingar i media, frå føresette og frå sektoren, vurderte at moglegheita for at krava i regelverket ikkje er oppfylte var såpass stor, at tilsyn blei gjennomført i alle dei samarbeidande kommunane.

I Vinje kommune vart oppfølginga frå PPT til barnehagar og skular redusert (hausten 2024). Då vart det fleire elevar på venteliste, men kommunen har heile tida hatt tett dialog med PPT, og nytta interne ressursar med spesialpedagog- og logopedkompetanse til oppfølging av borna med behov.

Det kom ein reaksjon frå Statsforvaltaren: *Kommunen må sørgja for å ha ei PP-teneste som oppfyller dei lovpålagde oppgåvene. De skal gjere greie for korleis rettinga av lovbrøtet skal gjennomførast.* Dette er svart ut og saka er lukka.

Tilsyn – miljøretta helsevern

Kommuneoverlegen i Vinje gjennomførte følgjande tilsyn med tema:

Tilsynsobjekt	Tema for tilsyn	Avvik (A) / merknad (M)
Rauland skule	• Vedlikehaldsplan • Innemiljø – ventilasjon, areal, belysning og stråling (Radon) • Uteområde	• Manglar godkjend vedlikehaldsplan (A) • Beredskap fystehjelp og aikkerheitsutstyr (A) • Universell utforming (A) • Inneklima, solskjerming og luftkvalitet (M) • Beredskap, førstehjelp

		sikkerhetsutstyr og smittevern (M)
Øyfjell barnehage	• Helsemessig tilfredsstillende verksemd • Vedlikehaldsplan • Innemiljø – ventilasjon, areal, belysning og stråling (radon) • Smittevern • Uteområde	• Manglar godkjent vedlikehaldsplan for barnehagen (A) • Inneklima - innandørs sandkasse (A) • Beredskap, førstehjelp og sikkerhetsutstyr – skjerming komfyr (A) • Beredskap, førstehjelp sikkerhetsutstyr og smittevern – rutinar (M)
Rauland barnehage	• Helsemessig tilfredsstillende verksemd • Vedlikehaldsplan • Innemiljø – ventilasjon, areal, belysning og stråling (radon) • Smittevern • Uteområde	• Manglar godkjent vedlikehaldsplan for barnehagen (A) • Inneklima (A) - Utfordringar med temperaturforhold • Beredskap, førstehjelp og sikkerhetsutstyr (A) • Rømningsveg 2. etg. (M) • Inneklima – luftkvalitet og fuktighet (M) • Sanitære anlegg (M) • Beredskap, førstehjelp og sikkerhetsutstyr (M) • Reingjering og smittevern (M)

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon med tema anskaffingar blei gjennomført med fylgjande spørsmål: *Sikrar Vinje kommune at anskaffingar skjer i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar?* Fylgjande problemstillingar blei også vurdert:

- organisering av innkjøpsarbeidet, innkjøpsstrategiar og innkjøpssamarbeid

- kommunen sine rutinar og tiltak for sikre at anskaffingsreglane blir følgde
- om kommunen brukar rammeavtalene sine når dei gjer anskaffingar
- om anskaffingar blir gjort i samsvar med gjeldande regelverk og rutinar

Konklusjon av revisjonen var at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at innkjøp skjer i samsvar med reglane om offentlege anskaffingar. Mangel på opplæring i reglane om offentlege anskaffingar og manglande kjennskap til rammeavtar var dei to område kommunen kunne forbetre. Dette er det tatt tak i, og to rundar med opplæring frå Telemark Innkjøpssamarbeid har vorte gjennomført.


Kvalitetsarbeid

Avvik/kvalitetsmelding, læring og forbetring

Å melde avvik er viktig fordi det bidreg til betre kvalitet, tryggleik og effektivitet i tenestene som blir tilbodne innbyggjarane. Sjølv om me ser ei auke i talet på avvik som blir meldt, så ser me samstundes at mange rapporterer lite avvik i høve til kva ein kunne forvente. Me har framleis ein jobb å gjere med meldekulturen vår.


Auka mengde registrerte hendingar

Rapportering av avvik aukar. HR-avdelinga har hatt stort fokus dei siste åra på meldekulturen og me ser ei god utvikling. Fleire rapporterer avvik. Meir opplæring, kurs for nytilsette, betre oppfølging av avvik (frå leiarar) og fokus på meldekulturen har alle bidratt til denne auken.



Alvorsgrad

Dei aller fleste avvik vil vere av låg alvorsgrad. Når ein registrerer ei ny hending, kan ein velje mellom låg, middels og høg alvorsgrad. Dette skal ikkje vere ei subjektiv vurdering, det fins ei rettleiing i systemet som kan hjelpe meldar med vurderinga. Den ansvarlege leiaren kan også justere alvorsgraden ved handsaminga. Ein stikkprøvekontroll kvar kvartal viser at mange avvik får feil alvorsgrad, ofte høgare enn det avviket skulle tilsei. Dette betyr at det er behov for opplæring både hjå medarbeidarar, men også hjå leiarar som skal handsame avvik.




Type avvik (kategori)

Det er flest avvik i kategorien for teneste/brukar. Desse avvika går på avvik i m.a. kommunikasjon, tenesteproduksjon, vald og trugsmål og samhandling/samarbeid. Avvik på organisasjon/internt handlar ofte om kompetanse, legemiddelhandtering og sikkerheit og heng også ofte saman med avvik i teneste/brukar-kategorien. HMS-avvik kan også knyttast opp med avvik i dei andre kategoriane der vald og trugsmål, arbeidsmiljø og ytre miljø er meldt meir enn noko anna.

Kategori

1. jan 2024 - 31. des 2024



Turnusarbeid - rekruttering og kvalitet

Dei endringane me ser i arbeidsmarknaden der tilgangen til kvalifisert arbeidskraft blir meir krevjande, gjer at me blir utfordra til å tenke nytt.

Ved fleire arbeidsstader i HEM (Helse og meistring) har ein i 2024 drøfta, eller jobba konkret fram, alternative arbeidstidsordningar til dei tradisjonelle turnusane. Motivasjonen for dette er å tilpasse seg marknaden, behalde personell og rekruttere personell, samt legge til rette for større stillingar og redusere omfanget av småstillingar der det er ei utfordring. Kontinuitet har tyding for kvalitet overfor pasient og brukar. Turnusarbeid er ei ressurskrevjande oppgåve i HEM som har drift 24/7 i mange avdelingar.

Sjukeheimen er fyrst ut med årsturnus. I legevakt er «Nordsjøturnus» ein annan variant som synte seg å bidra til langt større søknad til stilling enn det me har erfart dei siste åra. Ved Svingen er det jobba med ein variant med turnus over 12 veker som skal effektuerast i 2025.

Vinje sjukeheim starta arbeidet med å innføre årsturnus hausten 2023. Prosessen heldt fram i 2024 med mål om å implementere årsturnus i januar 2025.

Målet med årsturnus er blant anna å:

- Sikre fagleg forsvareleg bemanning basera på oppgåver og aktivitetar
- Gje meir forutsigbare og fleksible arbeidsplanar for dei tilsette
- Betre oversikt og kostnadskontroll
- Redusere behovet for ekstravakter, meirarbeid og overtid og auke heiltid
- Gje tid til kompetanseutvikling

Årsturnus føreset ei avtale med tillitsvalte, og det er utarbeidd ei årsturnusavtale for å klargjere rammene for årsturnus ved sjukeheimen.

I planlegginga av årsturnus har det blitt jobba med kartlegging av arbeidsoppgåver, arbeidsflyt, bemanning og kompetansebehov. Analyser av desse kartleggingane har danna grunnlaget for ein ny bemanningsplan ved sjukeheimen.

Gjennom heile prosessen har det vore fokus på forankring og involvering av dei tilsette. Dei tilsette har blitt informert og involvert gjennom allmøter, vekesmail, små workshops og deltaking av tillitsvalde og vernetenesta i arbeidsgrupper og referansegrupper. Dei tilsette sine ynskjer og behov har blitt forsøkt ivare tatt så langt det har vore mogleg gjennom kartleggingsskjemaer og individuelle samtalar.

Bemanningsplanen og kartleggingsskjema frå dei tilsette har vore utgangspunkt for å utarbeide årsturnusen, som blei iverksett som planlagt 6. januar 2025. Evaluering av prosessen skal gjennomførast i mars/april 2025.

Medarbeidarutvikling

Opplæring for nytilsette

For å bidra til å bygge kultur og gje nytilsette ein best mogleg start i organisasjonen har me vidareutvikla kurset for nytilsette. Dette får me gode tilbakemeldingar på. Ei god og profesjonell oppfylgning av nytilsette aukar våre moglegheiter til å halde på tilsette og tiltrekke oss nye. Det er gjennomført to obligatoriske samlingar årleg for opplæring av alle nytilsette.

Leiarutvikling

Kommunens utvida leiargruppe blei ferdig med eit to-årig leiarutviklingsprogram i november 2024. Hovudverneombod, hovudtillitsvalte og HR-avdelinga deltok på programmet saman med leiarar. Programmet resulterte i ei leiarplattform som alle leiarar i Vinje kommune skal basere si leiing på.

Det er også utvikla interne program for leiarutvikling. Målgrupper har vore nye leiarar og erfarne leiarar i Helse og meistring.

Dette er ei strategisk viktig satsing for kommunen for å sikre god tenestekvalitet og effektiv ressursbruk. Opplæringa styrker evna leiarane har til å motivere tilsette, handtere endringar og ta strategiske avgjerder som kjem innbyggjarane til gode. I tillegg bidreg det til å bygge ein felles leiarkultur og utvikle trygge, tydelege og framtidsretta leiarar. Tema på leiarutviklinga inkluderer m.a.:

- Leiing: kva er det og kven er du som leiar?
- Setje mål og fylgje opp
- Gje konstruktive attendemeldingar
- Gjennomføre medarbeidarundersøkingar /resultat/identifisere og fylgje opp tiltak i eiga verksemd
- Gjennomføre avdelingsmøte
- Varsle avvik, feil, manglar og iverksetje tiltak
- Setje seg inn i regelverk og jobbe i tråd med desse
- Styringsrett og medverknadsplikt, skjema for arbeidspåkjenning med praktisk øving
- Rolleavklaring: krav og forventningar
- Delegeringsreglement

Service og informasjon

Det er viktig å yte god service og gi informasjon til alle me er i kontakt med. Me ynskjer at dei som tek kontakt med kommunen skal oppleve at dei får ei hyggeleg og hjelpsam mottaking. Tenestetorget har stort fokus på å kunne yte service og utføre tenester på vegne av mange verksemdar i kommunen, samt møte publikum både på kommunehuset, over telefon og via e-post og sosiale media. Det er eit stort fokus på tilgjengelegheit, effektivitet, tydelegheit og kvalitet.

Informasjon og kommunikasjon er eit område me har utvikla i 2024 ved å tilsette ein kommunikasjonsmedarbeidar. Målsetjinga for etablering av stillinga var å kunne ha større fokus på og profesjonalisere kommunikasjonsarbeidet.

Som eit ledd i kommunikasjonsarbeidet, vart innbyggjar-appen Civis innført i 2023. Civis er ein nasjonal innbyggjar-app som samlar alle kommunane i landet i éin og same applikasjon. Dette sikrar innbyggjaren enkel tilgang på informasjon og digitale sjølvbeteningsverktøy på mobiltelefonen, medan kommunane kan distribuere målretta informasjon til innbyggjarane sine basert på valde kategoriar. Talet på brukarar som har lasta ned Civis dobla seg i 2024. Me har no over 4 000 brukarar av Civis.

I 2024 har fokuset vore på å utarbeide ein klar kommunikasjonsplan. Kommunikasjonsplanen er eit verktøy for alle tilsette i Vinje kommune, og omfattar både intern og ekstern kommunikasjon. Planen tek utgangspunkt i overordna mål og styringsdokument i kommunen. Planen skal bidra til å gjera det enklare å vera innbyggjar og tilsett i Vinje kommune. Det skal også motivere til deltaking og medverknad, og bidra til å byggje Vinje kommune sin identitet.

Etikk i kvardagen

I Vinje kommune legg me stor vekt på etiske verdiar som grunnlag for våre tenester og avgjerder. Arbeidet med etikk i 2024 har vore prega av bevisstgjerding, kompetanseheving og systematisk oppfølging av etiske dilemma i kommuneorganisasjonen. Dette gjer me gjennom etisk refleksjon i kvardagen, nye varslingsrutinar revidert i 2024 som sikrar effektiv handsaming og oppfølging av varslar, kursing i arbeid med innkjøp med fokus på etiske, berekraftige og rettferdige prosessar.

I tillegg til arbeid med etikk i kvardagen fekk kommunestyret også eit kurs i etikk og antikorrupsjon for folkevalde frå Transparency International.

AKAN

AKAN (Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk)

Det vart gjennomført to møter i AKAN-utvalet 2024 og dette er både referatsak og tema på hovudarbeidsmiljøutvalet. Me har delteke på AKAN-dagen der temaet var «Forventningar». «Forventningar» handlar om at livet tek oss i mange retningar. Me møter oppturar og nedturar, og me er utrusta ulikt for å handtere dei.

HR-avdelinga har bidrege i organisasjonen med rettleiing i AKAN-spørsmål og saker.

Mangfald, likestilling og heiltidskultur

Vinje jobbar for eit inkluderande og engasjerande samfunn der me har gode møteplassar, tek i mot nye tilflyttarar og inkluderer flyktningar. Me gjev gode kultur-, idretts- og fritidstilbod som er tilgjengeleg for alle og legg til rette for utøving av ulike religionar og livssyn.

Likestilling bidreg til eit meir rettferdig, inkluderande og berekraftig samfunn. Kommunen har ansvar for mange tenester og likestilling sikrar at alle innbyggjarar får like moglegheiter uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, etnisitet eller sosial bakgrunn. Vinje kommune har som mål å arbeide aktivt for ein jamnare kjønnsbalanse, mindre lønsskilnader mellom kvinner og menn, samt auka stillingsstorleikar. Det blir arbeidd bevisst og langsiktig med å auka delen av underrepresenterte kjønn innanfor kvart tenestekområde.

I kommunedirektørens leiargruppe er det 4 menn og 3 kvinner, og blant verksemdsleiarane våre er det 4 menn og 9 kvinner.

I tabellen under ser me at organisasjonen er dominert av kvinner, noko som er gjeldande for alle sektorar utanom teknisk sektor. Heile 76 % av dei tilsette er kvinner og 24 % er menn. Me har iverksett tiltak for å auke talet på menn i organisasjonen, ved m.a. å føretrekke ein mannleg søkar der kandidatane stiller likt kvalifikasjonsmessig (kjelde PAI 2024).

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	513	160	76	24
Sentraladministrasjonen	41	20	67	33
Oppvekst	202	44	82	18
Skuleadministrasjon	40	14	74	26
Grunnskule	58	11	84	16
Barnehagar	93	11	89	11
Fritidshjelp/SFO	5	0	100	0
Øvrig oppvekst	6	8	43	57
Helse/sosial	248	41	86	14
Administrasjon	13	3	81	19
Alm. helsevern	43	7	86	14
Alders- og sjukeheim	61	8	88	12
PU	32	13	71	29
Heimehjelp/-sjukepleie	86	6	93	7
Andre verksemder	13	4	76	24
Kultur	11	4	73	27

Teknisk sektor	10	44	19	81
Ymse	1	7	13	88

Kjelde: PAI statistikk 2024 – tabell 5

Likeløn

Tabellen under viser gjennomsnittleg fortjeneste per månadsverk og gjennomsnittleg grunnløn per månadsverk for kvinner i prosent av menns løn. Tala uttrykker kva kvinners løn som del av menns løn ville vore dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverksfordeling innanfor kvar av variablane det er justert for. Det er berre teke med tala justerte for stillingsgruppe og stillingskode sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønsskilnader som skuldast ulike yrkesval.

	2022		2023		2024	
Justert for	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns
Stillingsgruppe - VINJE	95,6	97,7	96,8	98,2	96,9	97,1
Stillingsgruppe – ALLE KOMMUNER	98,1	99	98	98,9	97,9	98,9
Differanse	- 2,5	- 1,3	- 1,2	- 0,7	- 1,0	- 1,8
Stillingskode - VINJE	96,7	98,4	96,7	98,5	95,6	97
Stillingskode – ALLE KOMMUNER	97,8	98,9	97,8	98,8	97,7	98,8
Differanse	- 1,1	- 0,5	- 1,1	- 0,3	- 2,1	- 1,8

Kjelde: PAI statistikk 2024 – tabell 3

Generelt ser me at kvinnelege tilsette ikkje har lik løn som sine mannelege kollegaer, men her er det små marginar. Viss ein ser på grunnlønn justert for både stillingsgruppe og stillingskode, har ein mann kr. 500.000 i årleg grunnlønn, medan ei kvinne i Vinje tener kr. 9.000 mindre.

Tilsette i deltidstilling

Ei vesentleg utfordring når det gjeld likestilling i kommunal sektor er fordelinga av deltidsarbeid mellom menn og kvinner. Dette kjem fram i tabellen under (kjelde PAI 2024). Omlag 52 % av alle kvinner arbeider deltid. Dette er ei lita auke frå i fjor. Det er omlag 42 % av menn som arbeider deltid.

Det er vanskeleg å sei noko om trendar. Andel deltidsarbeidarar ser ut til å halde seg høvesvis stabilt bortsett frå andel kvinner som jobbar mellom 50-74,9 %, desse har ein klar nedgang. Det ser ut til at det er generelt fleire som jobbar heiltid i 2024 enn i 2020. Vinje kommune har ikkje målt andel deltidsarbeidarar som jobbar ufrivillig deltid.

		2020	2021	2022	2023	2024
Stillingsstorleik per tilsett	Kjønn	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	10,6	11,9	8,9	12,1	10,7
	Kvinner	9,1	10,8	8	10,8	9,4
	Menn	15,6	15,8	11,7	16,1	14,9
25 - 49,9%	Kvinner og menn	6,9	5,4	7,5	7	7,6
	Kvinner	7,1	4,9	8	7,4	8,4
	Menn	6,1	7,2	5,8	5,7	5
50 - 74,9%	Kvinner og menn	15,2	14,9	14,5	11,9	11,7
	Kvinner	16,1	16,1	15,4	12,4	11,6
	Menn	12,2	10,8	11,7	10,3	11,8
75 - 99,9%	Kvinner og menn	22,4	21,1	19,9	16,6	19,9
	Kvinner	26	23,8	22,8	19,6	22,7
	Menn	10,2	11,5	10,4	7,5	10,6
100 %	Kvinner og menn	44,9	46,8	49,2	52,4	50,2
	Kvinner	41,7	44,5	45,8	49,8	47,9
	Menn	55,8	54,7	60,4	60,3	57,8

Kjelde: PAI statistikk 2024 – tabell 10

HMS og bedriftshelseteneste

Det er gjennomført ein HMS-dag på Vinjehuset 16.oktober 2024 for leiarar, verneombod og tillitsvalde. Hovudtema var:

- AKAN
- Emosjonell belastning
- Vald og trugslar

Kommunen har avtale med Avonova, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse- og HMS-tenester (Helse, Miljø og Sikkerheit). I tillegg til samarbeidet med Avonova har kommunen ei

rådgjevarstilling knytt til HMS-arbeid og fråværsoppfylgjing. Denne funksjonen samordnar tenesta, støtter leiarane med oppfylgjing av sjukefråvær, og er bindeledd mellom verksemdene og bedriftshelsetenesta.

Heilskapleg pårørandestøtte

Prosjektet «**Heilskapleg pårørandestøtte Vinje kommune**» vart etablert 2024, og har ei toårig ramme. Målet er å oppfylle kommunen si plikt til å ha system og rutinar som legg til rette for informasjon og dialog med pårørande, samt etablere system for innhenting av pårørande sine erfaringar og synspunkt på ulike nivå, og gjere bruk av desse erfaringane i forbetningsarbeidet. Vidare er målet at tilsette på tvers av tenester og kommunalområde samordnar sin innsats slik at pårørande i Vinje kommune blir sett og verdsett, får innverknad og den støtte og hjelp dei treng. Våren 2024 vart prosjektet etablert, og avsparket for arbeidet bestod i å arrangere workshop med 7 pårørande, 7 leiarar og 7 tilsette innom ulike tenestemråde. Denne dagen danna eit nyttig grunnlag for tiltaksutvikling.

Tiltak 2024:

- Heimesida har fått ein eigen «Pårørandeboks» der m.a. born som pårørande er vektlagt, samt nasjonale informasjonskanalar og verkty, og lokale tenester. Skildring av tenestemråda er revidert, og fokus mot pårørande er forsterka.
- Sjekkliste for tilsette til bruk ved nye brukarar og pårørande / mottak av nye tenester, og ved overgang til andre tenestenivå er laga, og lagt i kvalitetssystemet Compilo.
- Brosjyrar til brukarar og pårørande, med felles mal er laga for institusjonar, bufellesskap, buformer for heildøgns bemanning og heimetenester, samt for born og unge.
- Informasjonsbrev til pårørande og brukarar ved mottak av nye tenester er laga. Brevet inneheld m.a. kontaktinformasjon til leiar, kven som er primærkontakt og kva rolla inneber, samt invitasjon til å ta kontakt ved spørsmål og innspel.
- Informasjonsplakat om pårørande sin rett til informasjon og deltaking er laga, og hengt som oppslag der tilsette oppheld seg.
- «Ivaretatt?» er ei nasjonal digital pårørandeundersøking som er tatt i bruk, og resultatet er bruka til å bygge system og struktur på alle nivå, her under fokus på kontaktpersonar, retten til informasjon og deltaking, og strukturert oppfølging i form av invitasjon til samtaler.
- Forslagskasser for innspel og tilbakemeldingar frå brukarar og pårørande er plassert ut på institusjonar, bufellesskap og buformer for heildøgns omsorg og pleie.
- Pårørandekonferansen er arrangert som ei samling på Vinjehuset, der både tilsette, pårørande og alle interesserte vart invitert. Lokalt prosjekt og nasjonale føringar for pårørandearbeid vart presentert som ein introduksjon til konferansen. 69 personar deltok, noko som er ein auke på over 100 % samanlikna med året før.
- September er pårørandemånaden i kommunen, og dette er markert i årshjula for dei ulike tenestemråda. Månaden skal ha fokus på kompetanseheving og kvalitetsforbetring, pårørandevenlege mottak i institusjonar og buformer, struktur- og system for pårørandesamarbeid og pårørandedeltaking.
- Dei årlege Seniordagane i Vinje har fått eit forsterka fokus på pårørande, og arrangementa har m.a. pårørande som målgruppe.
- NyBy – frivillighetsappen vart i mai utvida til å prøve ut ein pilot i eit heimetenestedistrikt i kommunen. Ei gruppe pårørande vert lagt til som administratorar, og kan legge ut oppdrag som pårørande på vegne av brukarar. 5 pårørande er opplært og avklart som administratorar. Frivilligheidskoordinator fylgjer opp desse og deira funksjon i appen.
- Kompetanseheving og refleksjonsarbeid hjå tilsette er eit viktig tiltak i prosjektet, og plan for gjennomføring vart laga i samråd med leiarane i kommunalområdet.

- Struktur og skriftlege verkty for å identifisere om born og sysken er pårørande skal synleggjere tilsette sine plikter og born sine rettar på tvers av tenestoområde. Det vart i 2024 oppretta ein tverrfagleg kvalitetssirkel, og gruppa sitt arbeid vart slutført ved inngangen til 2025.

Prosjektet har ambisjon om å arbeide tiltaksretta mot å skape felles forståing, struktur og system for pårørandearbeidet slik at ein ved prosjektets slutt har rutinar og haldningar som bidreg til at

- pårørande kjenner seg som ein ressurs og ein viktig deltakar i pasient og brukar si helseteneste
- tilsette utviklar kompetanse og gode haldningar, og deltek i systematisk refleksjonsarbeid
- tenestoområda har system og rutinar som ivaretek pårørande sine rettar, og tilsette sine plikter
- Vinje kommune oppfyller mål og tiltak i nasjonale og lokale føringar

Liv og røre for eldre

Liv og røre for eldre i Vinje er eit toårig folkehelseprosjekt som vart avslutta ved utgangen av 2024, og har hatt som mål å fremje helse, trivsel, deltaking og inkludering blant heimebuande eldre i Vinje. I prosjektorganiseringa har god forankring på leiarnivå, brei deltaking frå ulike tenestoområde og involvering av målgruppa vore vektlagt. Prosjektet har gjennom samskaping vore ein bidragsytar i styrking av samarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, særleg mellom helsetenester, Tenestetorget, kultur og næring, og mot målgruppa. Prosjektet har hatt som mål å byggje vidare på det som fins, og at tiltak skal formast og forankrast slik at dei kan bli varige og berekraftige også etter at prosjektperioden er over. I prosjektarbeidet har utfordringsbiletet, ressursar og retningsval blitt tydelegare, og kommunen sitt samla ansvar for å byggje berekraftige og effektfulle tenester i samsvar med *Innsatstrappa* har fått ei klarare erkjenning.

Tiltak i 2024:

- **Førebyggjande heimebesøk / helsesamtale** - forankra som ei førebyggjande teneste i Helse og meistring, og innhaldet er forma i tråd med nasjonale og lokale føringar. Målgruppa har Vinje valt at er 75-åringar som ikkje tek imot tenester. For 2024 innebar det at alle i Vinje som er fødte i 1949, og som ikkje har tenester, fekk tilbod om ei samtale. Totalt 44 personar (77,5 %) takka ja. Evalueringa syner at tilbodet blir godt motteke.
- **Seniorakademi i Vinje** - med bakgrunn i innspel frå innbyggjarar har prosjektgruppa arbeidd med kartlegging av konseptet *senioruniversitet /seniorlæring*, og sett på korleis dette kan organiserast i Vinje. Folkeakademiet i Vinje og Rauland overtok ansvar for å rigge Seniorlæring som aktivitet, og underavdelinga er kalla *Seniorakademi*, og fekk sin oppstart i februar. Arrangementa går føre seg på dagtid ein gong i månaden, og føredrag blir kombinert med mat og sosialt samvær, og vekslar mellom å finne stad på Rauland, Åmot og Edland. Det er laga halvårskalender for arrangementa, og konseptet fungerer godt.
- **Seniordagar i Vinje** - vart fyrste gong arrangert i 2023, og vart svært godt motteke. Evalueringa synte at frå både tenester og innbyggjarar var det eit ynskje om at dette skulle bli eit årleg arrangement - bygd gjennom samskaping med pårørande, frivillige og på tvers av tenester og kommunalområde. Seniordagane består av dagseminar, kveldsarrangement, turdag og Vidopne dører på sjukeheim og omsorgssentera. Arrangementa i 2024 vart svært godt besøkt, og seminaret hadde tema som demens, planlegge litt, og *Innsatstrappa*. Humor og hygge er også ein viktig dimensjon i programutforminga. Arrangementa er eit gode døme på samskaping mellom tenester og innbyggjarar.
- Utvikling av portalen «**Senior i Vinje**» på heimesida, som ein tydelege og lett tilgjengeleg innfallsport for å ivareta innbyggjarane sine behov for informasjon og deltaking, har skapt engasjement både i prosjektet, blant innbyggjarane og innom fleire kommunalområde. Gjennom

arrangering av distriktsvise seniortreff har prosjektet samarbeidd med Tenestetorget om å gjere bruken av innbyggjarappen Civis kjent og tilgjengeleg for seniorgruppa Dette har også vore eit høve til å syne verdien av å bruke verkty som «Kva skjer» for å rekruttere til deltaking og fellesskap.

- **Seniorsenter** - som ein lågterskel uformell møtestad for fellesskap, hygge, aktivitetar, læring og meistring har vore etterspurt i møte med seniorane. Eitt av måla i prosjektet har vore å legge til rette for, og rekruttere til sjølvdrivne sosiale møteplassar. Kommunestyret løyvde for 2024 midlar til etablering av seniorsenter på Rauland, som ein pilot. Etter rundar med kartlegging og dialog med målgruppa, og styret for ungdomsklubben, så enda ein opp med eit ynskje om sambruk av lokalitetar med ungdomsklubben. På den måten oppnår ein utnytting av areal / fleirbruk, felles bruk av inventar og utstyr, og aller mest høvet til å oppnå at ein kan dra veksling av kunnskapsdeling mellom unge og eldre, og skape hyggelege og nyttige generasjonsmøte i lag. Innbyggardeltaking har stått sentralt i utforming av piloten, og ressursgruppa har blitt til eit styre av frivillige seniorar som heilt og fullt driv senteret saman med brukarane. Alt førebunde arbeid vart gjort i 2024, og Rauland seniorsenter opna 13. januar 2025, med plan for drift eit halvt år fram. Tiltaket skal så evaluerast, og ein eventuell plan for vidare breiing av tilbodet til andre delar av kommunen utarbeidast.

Prosjektet har sett viktige tema på dagsorden hjå tilsette, innbyggjarar og i politiske fora, og vore ein bidragsytar til at ei ny retning for tenesteutvikling og samarbeid mot innbyggjarar, frivillige og pårørande på tvers av kommunalområde har fått auka fokus. Prosjektet har også bidrege til betre oversikt over senioraktivitetar i kommunen. Det er bygd gode og nye relasjonar mellom tenestene og seniorane som ein har von om at skal bli nyttig og varig i arbeidet med å stimulere til deltaking og medverknad.

Arbeidsmiljøpris

Vinje kommune delte ut Arbeidsmiljøprisen for fyrste gong i 2024. Vinnar var Elin Hovden som er tilsett som hjelpepleiar ved Rauland omsorgssenter. Ho blei nominert av fleire kollegaer. Elin fekk utdelt prisen på kommunestyremøtet i november og arbeidsplassen til Elin, Rauland omsorgssenter, fekk 14.000 kr. som dei kan bruke til arbeidsmiljøtiltak.



Trim og aktivitetskort

Trimordninga frå 2008 har vorte tru tradisjon for tilsette i Vinje kommune. Målsettinga er å motivere på eit lågterskelnivå til å vere i fysisk aktivitet. Som arbeidsgjevar ynskjer Vinje kommune at dei tilsette skal ha ei god oppleving av å vere aktive, noko som og har ein førebyggjande helsegevinst og er gunstig for å auke jobbnærværet. Premiane er gåvekort på 600 og 1200 kr., som vert nytta på dei lokale sportsbutikkane. I tillegg er det trekking av tre større premiar. Kostnadene for ordninga er vel anvendte midlar for å auke trivsel og å vere ein attraktiv arbeidsplass.

Det var heile 272 deltakarar i 2024.



Bak frå venstre: Venke Haugen, HR-rådgjevar, Tone Hild Sørland Lyslid, HMS-rådgjevar, Eva L.Vistad, HR-rådgjevar, Kjersti Torvetjønn, Rauland Fjellsport, Kommunedirektør, Jan Myrekrok, Knut Seltveit, HR/personalrådgjevar, Margit E. Karlsen, kommunalsjef og Åshild Lofthus, Sport1 Åmot.

Framme frå venstre: Guri Haugland reinhald og tekstil – Gåvekort kr 6000,- Rauland Fjellsport, Sigrid L. Byggland, Åmot barnehage – Gåvekort kr 5000,- Vinje kommune og Mirjam Thorkildsen Schade, jordmorsamarbeidet med hovudgevinst sykkel verdi 12.000,- frå Sport1 Åmot.

Lærlingar

Me har hatt ein markant nedgang i talet på søkjarar til lærlingstillingar dei siste åra. Me har stort behov for fagarbeidarar og jobbar aktivt med tiltak. Ein stor del av utfordringa er at når mange er ferdig med fagutdanning, søker dei seg vidare til høgskuleutdanning.

I 2024 byrja ein lærling i IT-fag, me har hatt 3 lærlingar i helse og meistring og ein på organisasjon og innovasjon i service og administrasjonsfaget.

Sommararbeid for ungdom

20 ungdommar mellom 16-18 år hadde sommarjobb i 2024 på ulike stader i organisasjonen, og kvar av dei hadde arbeid i tre veker. Dette er ein liten oppgang frå 2024 då me hadde 19 ungdommar i sommararbeid.

Ordninga er populær og me har mål om å gi alle søkjarar i målgruppa moglegheit for jobb. Dette gir ungdommar moglegheit til aktivitet og inntekt, men er også kommunens moglegheit til å vise at kommunen er ein arbeidsplass med varierte og interessante jobbar. Utfordringa har vore at nokon ungdommar takkar nei til tilbodet dersom tidsrom eller lokasjon ikkje passar.

25-års jubilarar og pensjonistar

Vinje kommune inviterer kvart år alle som har jobba 25 år i kommunen (jubilarar) og alle som går av med pensjon i løpet av året til ein felles festmiddag. Festen vart halde på Austbø hotell.

Årets pensjonistar



Frå venstre bak: assisterande kommunedirektør Anders Sandvik, Knut Seltveit, Hege Guttelvik, Tone Bjålid og ordførar Jon Rikard Kleven. Venstre framme: Astrid Lyslid, Tone Lognvik og Anne Langen (Ikkje til stades: Kari Fetveit, Astri Kostveit, Tore Aass Hansen, Ingrid R. Nordgarden og Hege Skaret).

Årets jubilarar



Frå venstre bak: assisterande kommunedirektør Anders Sandvik, Liv Kirsti Reinsviki, Frøydis Fossli, Norun Dalen Bråstøyl, Irja Godal, Olve Nykos og ordførar Jon Rikard Kleven. Venstre framme: Eva Hommen Sandvik, Laila Veslestaal, Reidun Våle, Gøril Rømo Håve og Morten Ringhus (Ikkje til stades: Grunde Seltveit).

Tillitsvalde


